

Veileiding til føresegner og retningslinjer til kommuneplanens arealdel 2015-2027, pkt. 10 skilt og reklame

10.1 Søknadspåkravende tiltak

Presisering: Føresegnene gjeld for alle typar skilt og reklameinnretningar; fast og laus reklame, ljós- og lydreklame, levande og bevegeleg reklame. Søknad gjeld for alle typer tiltak, både oppføring av nye skilt og endring av eksisterande skilt. For riving/fjerning av skilt, sjå punkt 10.4. Søknaden skal innehalde naudsynde opplysningar for å gje eit godt grunnlag for vurdering av kommunen. Det skal brukast standard søknadsskjema, nabovarsel, målsatte teikningar og visualisering gjennom 3D teikningar eller fotomontasje. Kommunen kan be om utfyllande opplysningar. Det skal brukast ansvarleg føretak for søknad.

Berre direkte rørdel partar skal nabovarslas. I sameige/burettslag skal styret/leiar ha varsel. Kommunen vurderer kven som skal varslast og lagar naboliste.

Fritatt for søknad er:

- a) Innandørs skilt og reklame som ikkje vender seg mot fortau/gate
- b) Arenareklame som er retta mot sjølve området og som ikkje er skjemma eller til sjenanse for kringliggande område
- c) Reklame/skilt på byggeplass kortare enn eit år
- d) Kulturarrangement over eit avgrensa tidsrom (som cup, marknader, festival, o.l.) på inntil 2 veker.

Generelt må ikkje desse tiltaka stride med anna lovgjeving, vera til hinder for allmenn ferdsel, fare for omgjevnaden eller verke skjemma på område dei blir sett opp i.

10.2 Områdeomsyn

Presisering: Kan gjerast gjeldande ved eksempelvis kjøpesenter og større bygg med fleir verksemdar innomhus. Det skal tilstrebas å samle skilt/reklame til ein deil av bygget/fasaden. Skilt på same fasade skal i størst mogleg grad harmonere med kvarandre.

Jmf. gjeldande kommuneplan og detaljplanar for definisjon på kvar desse områda er.

10.3 Utforming

Presisering: Skilt skal tilpassas bygningen og ikkje vere eller verke dominerande. Plassering på eller over byggets møne er ikkje tillate. Uthengsskilt kan ikkje plasserast på takutstikk.

Det skal takast særskilt omsyn til mjuke trafikantar, funksjonsnedsatte, og frisktsoner.

Med lausfotreklame/flyttbare innretningar meinas plakatar, vimplar, flagg, seil, banner osv. som er plassera på ein meir permanent basis. Det kan tillatas inntil eitt skilt for lausfotreklame/andre flyttbare innretningar per bedrift/firma. For bedrifter/firma som typisk markedsfører seg med lausfotreklame/flyttbare innretningar (som kioskar, bensinstasjonar, matbutikkar, ol.) som tydeleggjer tilbod, samarbeidspartnarar, tenesteleverandørar oa., kan det tillatas inntil eitt skilt per tilbod/samarbeidspartnar/tenesteleverandør etter særskilt vurdering. Ved vurderinga skal det leggjast vekt på andre formingskriterium i høve til antal. Maksimalt antal må uansett ikkje overstige 3 stk per bedrift. Meir enn 1 stk lausfotreklame utanom verksemdas opningstider er ikkje tillate.

Når det gjeld ballongar og andre reklameinnretningar i lufta, kan det ved særskilte anledningar som nattope, festivalar, marknader, o.l. gjerast unntak etter avtale med kommunen dersom det gjeld eit svært avgrensa tidsrom.

Uthengsskilt på bygningar o.l. skal ikkje ha større breidd enn 1m, og skal ha fri høgde over fortaug/veg på minst 2,5m. Framspringet må aldri vere lenger ut enn at det er minst 1m fri

horisontal avstand til fortauskant/vegkant. Største tillate areal er $1,0 \text{ m}^2$. På freda eller verneverdige hus eller miljø skal maks storleik vere $0,6 \text{ m}^2$.

Med mellombelse anretningar meinas plakatar, vimplar, flagg, seil, banner osv. som er plassera for å tydeleggjere ei spesiell hending, tilbod, o.l. for ein kortare periode. Dersom anretninga ikkje er i strid med andre kriterie i føresegnene (som tilgjenge, frisikt, trafikktryggleik, o.l.), kan slike anretningar likevel tillatas for eit avgrensa tidsrom på inntil 2 veker. Kommunen kan straks fjerne slike mellombelse anretningar dersom dette etter kommunen sitt skjønn bryt med andre føresegner.

Gjentakande reklame skal i stor grad avgrensast og bør unngåas.

Skilt/reklameinnretningar skal ikkje ha eit større samanhengande areal enn $10 \% / 7 \text{ m}^2$ av byggets fasade. Utrekninga gjerast slik:

- Ved bruk av heile plater reknast den samla visuelle eksponeringsflata som eit skilt
- Ved bruk av frittståande bokstavar/symbol, reknast kvar bokstav for seg (frå kant til kant) og den samla visuelle eksponeringsflata kan dimed aukas
- Dekte glas- og vindaugsflater skal reknast med

Med tilknytning til drivande verksemd meinas for eksempel firmanamn, logo, samarbeidspartner, tenesteleverandør, etc. Med vindaugsreklame meinas transparentar, foliering, papir, papp, o.l. flater som innehar logo/reklamebodskap og monteras i eller rett bak vindaugsflate.

Avblending/gjentetting av vindauge med meir enn $1/3$ av vindaugsflata er ikkje tillate. Der avblending av vindauge er naudsaamt, skal slik avblending ikkje brukas til reklame.

Ljosskilt kan kun tillatas med tett front der berre tekst/symbol blir gjennomlyst. Gesimsar utforma som lysande kasser er ikkje tillate. Storleik og ljossstyrke skal dempas og særskilt vurderas i høve til verksemda og omgjevnadane (det gjerast merksam på at ljøs kan betraktas som støy etter forureiningsloven). Refleksar og blending skal unngåas. Skiftande, blinkande eller pulserande ljøs er ikkje tillate. Med skiftande meinas endring oftare enn 1 gong i døgnet.

10.4 *Presisering:* med føresegna følgjer ei generell plikt til å halde skilt forsvarleg vedlike når det gjeld utsjånad og sikker montering. Skilt/reklameinnretningar med utgatte/endra logoar ol. skal fjernast umiddelbart.

Vedtatt i utval for plan, teknikk og næring (PTN) den 01.09.2015.